

Til naboar og høringsinstansar

Stord, 03.11.2025

Avdeling Os

Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70
post@abo-ark.no

Avdeling Stord

Torgbakken 9
PB. 32, 5401 Stord
Tlf: 90 66 16 31
poststord@abo-ark.no

Melding om oppstart av planarbeid – Detaljregulering for turveg – Auklandshamn, Sveio kommune

Plan-ID 2025001


Initiativtakar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt at ABO Plan & Arkitektur Stord AS, på oppdrag for Sveio kommune, set i gong arbeid med detaljregulering for turveg mellom Lio og Vestvik i Auklandshamn i Sveio kommune (planID: 2025001). Det vart halde oppstartsmøte med Sveio kommune 08.10.2025, der det var einigheit om at planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing, men ikkje planprogram.

Føremål, lokalisering, planstatus

Detaljreguleringa sitt hovudføremål er å legge til rette for turveg i Auklandshamn, Sveio kommune. Auklandshamn er eit område med om lag 500 innbyggjarar og har eigen skule på Stølen. Busetnaden i Auklandshamn ligg hovudsakleg langs fylkesveg og består av busetnad frå aust til vest: Vestvik, Fagerland, Eikeland, Stølen, Økland, Nyland og Lio. Det har over fleire år blitt jobba med å få realisert gang- og sykkelveg eller fortau langs fylkesvegen, utan at det har ført til noko konkret. Bakgrunnen for prosjektet med turveg er å leggje til rette for at turvegen skal kunne nyttast som skuleveg som eit rimeleg og godt alternativ til fortau langs fylkesvegen (fylkesveg 4984, Øklandsvegen). Hovudtraséen vil truleg verta mellom 4 og 5 km lang, med fleire påkoplingspunkt langs vegen. Det skal vere høve til å brøyte turvegen, og breidda vil truleg ligge på mellom 2,5-3,0 meter. Det skal etablerast veglys langs hovudtraséar. Sjå planinitiativ og referat frå oppstartsmøte for detaljar.

Planområdet er lokalisert i Auklandshamn i Sveio kommune. Planområdet er lokalisert på søraustsida av Bømlafjorden, vest for Førdespollen.



Oversiktskart som viser lokalisering av planområdet og utsnitt frå kommuneplanens arealdel med planavgrensing.

I gjeldande kommuneplan (KPA) er planområdet i hovudsak sett av til LNF-område, med nokre unntak. I den vestlege delen av planområdet overlappar planområdet så vidt med eit område for spreidd busetnad (LNF spreidd bustad, SB-8). Dette er inkludert for å ivareta siktsoner, og det vil truleg ikkje etablerast tiltak innanfor LNF spreidd-arealet. I den vestlege delen av planområdet, ved Nyland, går traseen gjennom eit areal avsett til bustadføremål (B-20 i gjeldande KPA). I delar av dette området er det planlagt at turvegen følgjer eksisterande tilkomstveg til bustadområdet. I området ved Øklandsvågen overlappar plangrensa med bustadføremål i området kring Øklandsvegen. I dette området er det planlagt at turvegen skal følgja eksisterande traktorveg og sti. Bustadføremålet er inkludert for å ivareta siktlinjer og kryssingspunkt, og det vert truleg ikkje tiltak innanfor området som er vist som bustadføremål. I området kring Auklandshamn skule overlappar planområdet med reguleringsplanen Stølen bustadfelt (planid: 1979-001), som også inkluderer skuleområdet. Reguleringsplanen vil dels verta oppheva ved vedtak av ny plan. Reguleringsplanen er dels utbygd i den sørvestlege delen, mens bustadane i aust er ikkje bygd ut. Det er heller ikkje fradelte tomter i dette området. Planområdet er lagt slik at det omfattar både eksisterande stiar i området, og tilkomstvegen som ligg i reguleringsplanen for Stølen bustadfelt. I området aust for Mjånestjørna ligg planområdet i eit LNF spreidd bustad-område, SB 9. Traseen vil gå gjennom dette området. I kryssområdet mot Øklandsvegen er det tatt med areal langs vegen og på nordaustsida av vegen for å ivareta kryssingspunkt og siktlinjer. Ved Eikeland overlappar planområdet så vidt med LNF spreidd bustadområdet SB-10 i KPA. Arealet på nordsida av fylkesvegen er inkludert for å ivareta kryssingspunkt og siktsoner, og det er ikkje planlagt tiltak i dette området.

Ved Eikeland kyrkjestad, i austre del av planområdet overlappar planområdet med føremålet offentleg/privat tenesteyting (O_9, og så vidt med bustadføremålet B_47 som ligg på austsida av fylkesvegen). Det er lite truleg at det vert planlagd tiltak innanfor O_9-føremålet, plangrensa er førebels sett med ein buffer på 15 meter på kvar side av planlagt trasé. Det vert truleg ikkje planlagt tiltak innanfor bustadføremålet.

I den søraustlege delen av planområdet er det overlapp med føremål for LNF- spreidd bustad (SB-11). Planområdet overlappar også med deler av reguleringsplanen Vestvik – gnr. 32, bnr. 7 m. fl., plan-ID 2005003. Reguleringsplanen vil dels verta oppheva ved vedtak av ny plan. I dette området vil ein sjå på fleire alternativ for tilkopling til fylkesvegen. Området på austsida av fylkesvegen er inkludert for å ivareta kryssingspunkt og siktlinjer i området. Det er ikkje planlagt for tiltak på denne sida av vegen. Avhengig av traséval i dette området kan traseen overlappe så vidt med reguleringsplanen i området nærast fylkesvegen.

Avgrensing

Planområdet er om lag 320 daa. Følgjande eigedomar er inkludert i forslag til planområde til oppstart:

Gbnr. 32/34, 32/24, 32/2, 32/27, 32/52, 33/1, 33/14, 33/4, 33/30, 33/3, 33/7, 33/25, 34/13, 34/20, 34/2, 34/21, 34/22, 35/11, 35/19, 35/18, 35/14, 35/13, 35/2, 35/29, 35/36, 36/19, 36/48, 36/47, 36/1, 36/3, 250, 36/98, 36/235, 36/114, 36/4, 36/168, 36/192, 36/193, 36/206, 36/194, 36/15, 37/83, 37/84, 37/30, 37/33, 37/46, 37/32, 37/3, 37/10, 37/16, 37/61, 37/14, 37/26, 37/25, 37/13, 37/15, 37/2, 37/50, 37/43, 37/42, 37/48, 37/77, 37/49, 37/52, 37/24, 37/83, 37/48, 38/1, 38/4, 38/17.

Planområdet er avgrensa med bakgrunn i skisserte trasear for planlagd turveg. Traseen for turveg følgjer enkelte stader etablert tursti i området, medan i andre parti vil ein finna ny trasé. Det skal etablerast stikkvegar til fleire bustadområde, og enkelte stader er ein ikkje heilt i mål med å finne beste trasé. I forslaget til planområde har ein inkludert alle moglege traséar. Det er lagt til 15 meter på kvar side av planlagde trasear, for å ha høve til justeringar i planarbeidet. Planområdet inkluderer også del av eksisterande fylkesveg dei stadane det er naturleg å kople turvegen til fylkesvegen. Samanlikna med den planavgrensinga som er synt i vedlagd planinitiativ, er planområdet utvida noko i områda inn mot fylkesvegen for å sikre tilstrekkeleg fleksibilitet, trygge overgangar, siktforhold og moglegheit for ev. parkering. Planområdet vert redusert til å berre omfatte areal som det er trong for å regulere som del av planarbeidet.



Illustrasjon planavgrensing.

Konsekvensutgreiing

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljregulering jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Planen utløyser krav om konsekvensutgreiing, og vil vera omfatta av konsekvensforskrifta § 8 *Planer og tiltak som skal konsekvensutredas hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn*, ref. vedlegg II. Reguleringsplanen vert omfatta av § 8 a), og vedlegg II omfattar følgjande planar/tiltak som vi vurderer at er aktuelle for planen:

- 1d, i) *Avskoging med sikte på omlegging til annen arealbruk*
- 1i) *Etablering av landbruksvei dersom nyanlegget overstiger 5 km*
- 10e, i) *Bygging av veier*

Landbruksveg er teke med her på grunn av at turvegen truleg vil ha tilnærma likt omfang og medføre same type inngrep som ein landbruksveg.

Tema som skal konsekvensutgreiast etter forskrifta er:

- Naturmangfald inkl. myr og våtmark
- Friluftsliv, inkludert folkehelse og barn og unges interesser
- Naturressursar

Føremålet med konsekvensutgreiinga er å klargjera verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Utgreiinga skal sikre at desse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt med vilkår om avbøtande tiltak. Andre aktuelle fagtema som trafikktryggleik, kulturminne og kulturmiljø, jordbruk, ROS-

analyse med fare for skred og områdestabilitet etc. vil vera del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3. Sjå også referat frå oppstartsmøte for aktuelle fagtema som skal belysast i planomtalen.

Saksdokument og merknadar

Oppstartsmelding, planavgrensing, planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet med kommunen finn de på kommunen sine nettsider/planregisteret, samt på ABO sin nettstad:

<https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>.

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet og planprogrammet skal sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord

Eller e-post: poststord@abo-ark.no / kari-hilde@abo-ark.no

Innan høyringsfristen: **19.12.2025**

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader og innspel til kommunen - dette vil ABO Plan & Arkitektur Stord AS ivareta i samband med innsending av planframlegg.

Vidare arbeid

Etter at fristen for merknader er gått ut vil ABO utarbeide eit planframlegg som inneheld planomtale med konsekvensutgreiing, plankart og føresegner og eventuelle andre fagrapportar. Ferdig planforslag vil så verta sendt kommunen for handsaming. Etter 1. gangs politisk handsaming vert planframlegget sendt på ny høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit for å koma med merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Med vennleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Kari Hilde Rommetveit

Vedlegg

1. Planavgrensing
2. Planinitiativ
3. Referat frå oppstartsmøtet